

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 14/2005

Møtedato: 6.4.05

Arkiv nr: S 680

## **S 680, Jaslangen – søknad om nytt sel**

Normann og Gerd Nanti Vika Helle søker om å få setja opp nytt sel på Jaslangen. Selet er så dårleg at det er ikkje kostnadsreknande å reparere det. Det gamle selet ynskjer dei å bruke i byggeperioden og tenkjer å rive det etterpå. Selet er tenkt plassert på ny tomt ca 60 meter vest for eksisterande sel.

I dag har dei mjølkekyrne på heimstølen, men ser for seg i framtida å kunne plassere fjøs/mjølkestall ca 60 meter sør for selet. Om det skulle bli aktuelt med kårsel ein gong, ser dei for seg at noverande tomt kunne passe til dette.

Søklarane ynskjer ei vurdering av planane og vil koma tilbake med teikningar når det er avklara kvar dei får lov til å byggja.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er sendt regional kulturminneforvaltning til uttale og Gry Wiese Horndalsveen skriv i e-post datert 3.9.03 følgjande: *Jeg synes det høres greit ut å rive det gamle selet dersom det ikke lar seg utbedre. Det gamle selet bør imidlertid dokumenteres gjennom en enkel oppmåling (hovedmål) og fotografier før det rives. Gjenbruk av materialer vurderes. Det nye selet bør fortrinnsvis ha samme volum som det gamle. Jf "huskereglene for planlegging av seterhus" som vi laget i fjor. Bredde på hus, farge og materialbruk er spesielt viktig.*

Statskog skriv i brev datert 2.9.03 følgjande:

*Dersom nytt sel godkjennes på ny tomt, er det vel vanlig praksis at resten av bebyggelsen også flyttes slik at bebyggelsen blir stående i et tun . Det blir vel da noe langt mellom sel og påtenkt fjøs (ca. 60 m). Gamle tomte kan vel da heller ikke brukes til eventuelt kårsel dersom det blir aktuelt (også ca. 60 m fra tomte for nytt sel).*

*Etter det som går fram av søknaden, beites vel jordet nå bare med ungdyr.*

*Dersom fjellstyret mener det er behov for nytt sel i forbindelse med stølsdrift, og under forutsetning av bebyggelsen plasseres i tun, har ikke Statskog som grunneier andre merknader til søknaden.*

I sak 47/2003 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret ser positivt på søknaden om å etablere nytt stølstun og ein er samd med Statskog om vilkåra for dette. Søklarane må legge fram byggesøknad etter skisserte vilkår før byggeløyve blir gjeve.*

Gerd Nati Vika Helle skriv i brev datert 20.1.05 følgjande:

*I det eg viser til tidlegare søknad om å få bygge nytt sel på stølen vår på Jaslangen vil eg samstundes takke for positiv og rask tilbakemelding på søknaden vi sendte dykk om dette i 2003. Sender no teikningar av selet og eit kart som viser kor det nye selet vil bli liggande i forhold til det gamle. Antyder og kvar fjøset og mjølkerommet bør bli liggande. Slik eg tolkar svaret eg fekk ang. evt. kårsel må dette ligge i eit tun saman med det nye. Derfor vil vi bruke det gamle selet i byggeperioden for så å rive dette. Eit nytt kårhus vil då bli sett opp i eit tun saman med dei andre husa. Ut frå dette antyder eg på kartet (som ligg ved) korleis vi ser for oss denne beliggenheita. Med denne plasseringa har vi take omsyn til avrenning frå fjøs og at mjølkehenting med tankbil kan skje utan å måtte lage mange hundre meter med sterkt opprusta veg.*

*Som eg skreiv i min fyrste søknad er stølen i drift, men ikkje med mjølkeproduksjon pr. dags dato.. Dei kyrne som mjølkar er på heimstølen og alle andre + ungdyr er på langstølen. Dersom forholda ligg til rette for mjølkeproduksjon også på langstølen vil og dei dyra som mjølkar vere der.*

*Håpar dette kan bli akseptert, då vi har jobba mykje med planløysinga og utsjånad. Dersom dette går i orden håpar vi å starte på bygginga av selet no til våren.*

Statskog skriv i brev datert 14.3.05 følgjande:

*Jeg viser til oversendt byggeskjema og tegninger med grunnriss.*

*Dessuten viser jeg til fjellstyrets sak 47/03 og vårt brev 02.09.03.*

*Stølen er etter det som er oppgitt i bruk som beite og under forutsetning av at stølen nå skal bygges opp med tanke på tradisjonell stølsdrift, har vi ikke andre merknader en at det bør vurderes om den kompliserte formen på selet med stor terrasse etc. antagelig ikke er i samsvar med kulturmyndighetenes ønsker. Arealet på selet får vi til 94,16 m<sup>2</sup>. Det er også nevnt et anneks i søknaden. Det kan virke som dette blir en omfattende bebyggelse for å ivareta stølsdrifta. Dette blir det opp til fjellstyret å vurdere.*

*Når det gjelder å beholde gamle selet under byggearbeidet, kunne en kanskje bruke de reglene vi praktiserer for riving/bygging av ny hytte. Der blir det krevd at gamle hytta skal rives såsnart ny hytte er ferdig, men senest 2 år etter oppstart av byggearbeidet på ny hytte.*

Regional kulturminneforvaltning skal uttale seg ved byggesaker for å ivareta dei spesielle verdiar stølshusa har i kulturlandskapet. Gry Wiese Horndalsveen skriv at det nye selet bør ha volum som det gamle selet og viser vidare til byggevegleiar for stølshus. Ut frå fjellstyret sitt syn oppfyller ikkje dei framlagde teikningane desse ynskja. Det som spesielt skil det nye selet ut frå det gamle er ei komplisert form som ikkje er vanleg for stølar, mykje glas og stor veranda.

I søknaden er det skissert at det også er ynskje om oppføring av anneks. Fjellstyret skal etter § 13 i stølsforskriftene vurdere behovet for stølshus. Ut frå bruken av stølen i dag er det vanskeleg å godkjenne søknad om anneks.

#### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte bygg og godkjenner søknad om nytt sel etter § 13 i stølsforskriftene. Fjellstyret vil be søkjaren vurdere å leggje fram ny søknad med omarbeidde teikningar av selet, slik at det blir meir i samsvar med råd frå regional kulturminneforvaltning.

Vilkår for løyvet er at gamalt sel og uthus blir rive så snart nytt sel er ferdig og seinast 2 år etter oppstart av byggearbeidet på nytt sel.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.4.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Gerd Nanti Vika Helle og Normann Helle  
Statskog  
Vestre Slidre kommune , teknisk avd.